

Helse Førde HF
Postboks 1000
6708 Førde
post@helse-forde.no

Deres ref:	Vår ref:	Saksbehandler:	Dato:
2014/4251-12137/2018	2018/4814	CGJE	11.05.2018

Høyringsfråsegn til utviklingsplan Helse Førde 2018 – 2035

Viser til brev av 12. april 2018 med utkast til utviklingsplan og invitasjon til å komme med høyringsfråsegn.

Utviklingsplan Helse Førde 2018 – 2035 er eit omfattande dokument som i sum gir eit samla bilde på no-situasjonen og kva for grep Helse Førde meiner må til for å møte dei utfordringane som ligg føre.

I høyringsbrevet er det stilt nokre spørsmål som Helse Førde ønskjer at høyringsinstansane skal legge vekt på. Det gjeld mellom anna om det er område som manglar eller er for lite framheva og i kva grad planen peikar på dei viktigaste samhandlingsområda.

Sett frå Helse Bergen sin ståstad, er samhandling og oppgåvedeling med andre helseføretak viktige punkt i planen. Som det er dokumentert under punkt 2.3.2, har Helse Førde eit særleg eit samarbeid med Helse Bergen, kor 20-30 prosent av pasientane frå fylket får heile eller delar av behandlinga. Det er nemt samarbeid om høgspesialiserte tenester, kreftforløp (MDT) og sikkerhetspsykiatri. Samarbeid om pasientar heimehørande i Gulen er nemt.


Det er også omtalt samarbeid ved traume, der alvorlege tilfelle vert sendt direkte til Haukeland universitetssjukehus.

Som omtala i punkt 6.2.3 bruker Nasjonal helse- og sjukehusplan omgrepet «sjukehus i nettverk». I planen legg Helse Førde vekt på at det kan bety at føretaket kjøpe spesialisthelsetenester frå andre føretak, men også at Helse Førde kan tilby denne typen tenester til andre føretak, mellom anna også administrative oppgåver. Vidare utvikling av samhandling og oppgåvedeling mellom Helse Førde og Helse Bergen vil vere viktig for å sikre best mogleg bruk av ressursane til beste for pasientane.

Helse Bergen ser positivt på at Helse Førde har eit tiltakspunkt som seier at føretaket skal ta initiativ til samarbeid med Helse Bergen om framtidige pasientforløp. Styrking og utvikling av samarbeid mellom sjukehusa våre om bemanning og kompetansebygging vert også særst viktig framover, noko som kunne vore omtalt. Spesielt gjeld dette i høve til ny spesialistutdanning for legar. Beredskap ved store hendingar er og viktig for sjukehus i nettverk. Regionsreforma ein faktor som og kan bidra til å styrke samarbeidet ytterlegare.

Teknologi vil prege utviklinga av sjukehusa i åra som kjem, og vil kunne ha store konsekvensar for oppgåvedeling og pasientbehandling. Helse Førde legg vekt på god infrastruktur på telemedisin, og har som mål å bli førande på digitalisert bistand - @helseheime – og å styrke sine desentraliserte spesialisthelsetenester. Helse Bergen merker seg at Helse Førde også vil utnytte teknologien i samhandlinga mellom sjukehus i heile regionen. Helse Bergen ser dette som viktige tiltak for å kunne utnytte den samla kapasiteten i regionen på best mogleg måte.

Med vennlig hilsen



Clara Gjesdal

Viseadministrerende direktør